

## Samandrag, årsmelding 2011 OIL, Fotballgruppa

### Styret har i 2011 bestått av:

Eirik Bergan	Leiar	Stein Roar Evensen	Leiar Sportsnemnd
Helge Kollvangsnes	Nestleiar	Mette Hannisdal	Leiar
økonominemnd			
Roald Martinsen	Kasserar / Skrivar	Jørn Fjellskålnes	Materialforvaltning
Tore Langeland	Kasserar	Ivar Solberg	Leiar
Sponsornemnd John Erik Jørgensen Arrangement			

Medlemstalet for gruppa har vore 307 dette året og dei aktive medlemane var fordelt på ca 20 lag.

I tillegg til seriespel har dei forskjellige laga deltatt på ulike cupar.

Året 2011 ble eit godt år sportslig sett, med gode presentasjonar av aldersbestemte lag i alle aldersgrupper. Det er godt og sjå at den store jobben som er lagt ned i aldersbestemt fotball gir resultat. Anlegget me no har i Fugledalen, saman med innsatsen til friviljuge, må ta mykje av æra for dette. Aktiviteten i Fugledalen har vore stor også dette året, mest gjennom organisert trening, men bana er og mykje brukt av born og ungdom i eigen regi.

No er tribuneanlegget ferdig, og klubben har kjøpt inn ny traktor med skjær som held bana snøfri om vinteren. I tillegg har klubben fått på plass utstyr til vedlikehald av grasbana. Dette gjer at me no er meir sjølvhjelpne når det kjem til vedlikehald av anlegget vårt.

A-laget kom på 4. plass i 5 divisjon, noko me er bra nøgd med. Det er eit ungt lag, så me kan forventa oss meir frå dei i åra som kjem om me klarar å behalde spelargruppa..

**Arrangement** Fotballgruppa har arrangert Ribbecup, avslutning i hallen og lotteri. Me har gitt ut kampprogram på alle heimekampane til A-laget.

**Sportsnemnd** med leiar Stein Evensen i spissen har atter et år gjort ein kjempe jobb. Jobben som her blir gjort skaper ein optimisme blant spelarar og trenara i alle alders grupper, det er mykje godt arbeid som er lagt ned i denne nemnda. Eit resultat av dette er at me melder på fleire lag enn nokon gong til seriespel i 2012, inkludert jr. og senior lag i både dame og herreklassen. Sjå vedlagt årsmelding frå sportsnemnda.

**Økonominemnda** med Mette Hannisdal i spissen har gjort ein god jobb med lotteri og kiosk-sal. Kiosken ved Fugledalen har våre open ved alle kampar, dette gir en god inntekt til klubben, og ikkje minst skaper det ein veldig fin og sosial ramme rundt alle kamper som blir spilt på Hatland.

**Økonomi:** Gruppa vil i 2011 få et overskot på ca 43. 000,- noko me er nøgd med. Overskotet skuldast gode sponsorinntekter, samt kontroll med klubbens utgifter. Ein stor takk til alle velvillige sponsorar, utan dykk ville vi ikkje klart og drive klubben på same nivå som vi gjør i dag.

En stor takk til alle som har deltatt i det arbeidet som er lagt ned i alle ledd.

Lonevåg 24.02.2011

---

Eirik Bergan, formann